

Både Reidar og Ove på gjerdet



Reidar?

Kven kan figurane likna på?

Spørsmålet heng i lufta etterat trekunstnaren Ove Stokka har lagt siste hand på gjerdet mellom Rabben og SPAR og svaret er ikkje lett å gje. Men oppdragsgjevar Reidar Myklebust har grubla ein god del og nærmar seg løysinga.



Ove sjølv?

Til dømes har han tildelt ein figur sin eigen identitet. Det er ein kar som ruslar med ein stokk og har eit professoralt preg.



Kven har gøymt seg på andre sida?

Ein tynn og sprek kar kan ikkje vera nokon andre enn Stokka sjølv. Etter at han hadde fullført gjerdet fredag sprang han ein tur opp på Englafjell!

Så er det ein figur som freistar å gøyme seg på andre sida av gjerdet og som har få karakteristisk trekk. Kven kan det vera?'

Oppdragsgjeveren er svært fornøgd men har fremma eit ynskje: Gjerdet må også få ei spardame! Ho kjem nok med det første.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kven bankar på min port?